

Bokn Bygdablade

Nr. 7 september 2012 – Årg. 27



Lag NM i trial – s. 3



BoknOpp – s. 4



Studietur til Frankrike – s. 6



Billettsalet i gong – s. 11



www.bygdablade.no

KJEKT PÅ **BOKN**



RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

Tomter og bustader i Bokn

Det er i Bokn eit breitt og sterkt ynskje om å legga til rette for fleire tomter og nye bustader, både politisk og administrativt. Berre på den måten kan ein sikra ei positiv folketalsutvikling i åra framover. Men bustadmarknaden i Bokn er framleis avgrensa, og fram til for eit par år sidan mangla ein søkjarar til den bustadmassen som var for sal i Bokn, mellom anna i bustadkomplekset vest for Boknatun og til dei planlagde terrassebustadene i Føresvik. Likevel er me nå i den situasjonen at det er knapt med bustadmasse i bygda. Men det er lys i enden av tunnelen. Kort om dagens situasjon: I gjeldande kommuneplan ligg det framleis inne ledig areal avsatt til spreidde bustadområde. Desse områda ligg riktig nok utføre dei sentrale sentrumsområda i kommunen, men områda er framleis ikkje utbygde og blir heller ikkje tatt ut i samband med rullering av kommuneplanen.

Når det gjeld privat utbygging av Havnavegen Nord, er reguleringsplanane ferdig handsama frå kommunen si side. Nå er det opp til utbyggjar å setja spaden i jorda, og eg håpar området blir lagt ut for sal i løpet av kort tid.

I forhold til utbygging i området Fyren, har arkeologiske utgravingar medført sterke avgrensingar i området. Det opphavlege området som var tenkt satt av til bustader, blei halvert på grunn av arkeologiske funn som blei gjort på staden. Dette har skapt forseinkingar i forhold til å byggemogna nye tomter, men formannskapet vil i løpet av hausten ta stilling til korleis området skal nyttast.

I prosessen med å regulera kommuneplanen for Bokn og avsetjing av framtidig bustadareal, er det politisk lagt vekt på å fylgja opp intensjonane i kommuneplanprogrammet som mellom anna seier noko om utbyggingsretning. I hovudsak skal større områder nord og vest for Føresvik setjast av til bustadformål. I tillegg er det satt av areal til bustadføremål øvst i Alvestad, i området ved «Plattingen». Det er også tatt inn nokre mindre område nord på Austre Bokn, Øyren og i Våga.

Det har den siste tida pågått ein debatt når det gjeld bustadsituasjonen i Noreg. I kommunesektoren ser ein at den nye plan- og bygningslova er veldig komplisert, noko som forlenger planprosessane unødig og som førar til



Eitt av dei siste husa som er bygde i Bokn.

at prisane på bustader går opp. Kommunen har fått eit mykje strengare lov- og rammeverk å forholde seg til og strengare krav til reguleringsplanar. Det er krevjande å få utbyggjarar til å satsa i vesle Bokn, sjølv når ein veit kva som kjem av samferdsletiltak på begge sider av kommunegrensene om få år. Marginane er små i byggebransjen, og dei fleste firmaene er avhengig av å finansiera byggeprosjekt ved lånopptak. Bankane på si side krev ofte 70% førehandssal før lån blir gitt, og det har vist seg vanskeleg å få til i mange tilfelle i kommunen vår. Heldigvis har ein den siste tida hatt lokale byggefirma som har våga å satsa i Bokn.

Bokn kommune vil likevel aktivt halda fram arbeidet for at ein i nær framtid kan få auka utbygging og byggemogna tomter i bygda.

NM i trial på Bokn

For fyrste gang i historia arrangerar Pluggen Motorklubb NM i trial for lag på eigen heimebane, og hendinga finn stad den 5.- 7. oktober på Torland og ved Bokn skule. I løpet av denne oktoberhelga skal 46 lag frå heile landet stilla til start i knivskarp konkurranse om NM-titlar, og det skal konkurrerast i klassane NM, damer, junior, veteran og uoffisiell klasse.

Pluggen Motorklubb arrangerte Noregs Cup i 2008 og 2010, og har med det opparbeidd seg solid erfaring med å planlegga og gjennomføra store meisterskap. Og på den måten har Pluggen også marknadsført motorsporten på ein framifrå måte, både lokalt og nasjonalt.

Dette arrangementet har blitt førebudd i over eitt år. Hundrevis av timar med dugnadsinnsats frå vertsklubben og eit breitt engasjement frå bygda er investert i tilrettelegginga. For å illustrera storleiken på arrangementet, kan det nemnast at hundre av kommunens 854 innbyggjarar stiller som funksjonærar i samband med årets NM. Med andre ord: Kvar åttande boknar er mobilisert for at trialkjørarane kan trilla

fram til startstreken på Torland!

Eg ser fram til mange spennande løp i varierte seksjonar på trialområdet, og håpar flest mogleg boknarar legg turen til trialøypene for å oppleva og ta del i noko så sjeldan som eit noegsmeisterskap i bygda!

Eg vil ynskja Pluggen MK lukke til med arrangementet og er viss på at både kjørarar, støtteapparat og publikum får ei flott helg på Bokn.

TV-aksjonen 2012

TV-aksjonen er NRK sin årlege innsamlingsaksjon og i år går han av stabelen søndag 21. oktober. Pengane frå årets TV-aksjon går i år til Amnesty sitt arbeid med å styrka menneskerettene til millionar av menneske over heile verda, eit arbeid organisasjonen har ført i over femti år.

Slagordet for TV-aksjonen er «Stå opp mot urett» og gjenspeglar Amnesty sin støtte til fridomskampen til modige menneske som blir knebla, forfulgt og torturert når dei forsvarar ytringsfridomen. Pengane frå TV-aksjonen vil bli brukt til å intensivera arbeidet i ei rekkje land med å etterforska og dokumentera overgrep, undervisa i menneskerettar, fremja rettane til kvinner og minoritetar, jobba for å få lausleite ulovleg fengsla menneske og stilla overgripingar til ansvar.

I samband med TV-aksjonen har Bokn formannskap løyvd 25 kroner per innbyggjar. Det vil bli gjennomført ulike arrangement i forkant av sjølve TV-aksjonsdagen. Det startar fredag 19. oktober med tradisjonell skulebasar på dagtid, og på kvelden inviterar kommunekomiteen til TV-aksjonsaftan i auditoriet.

Eg vil oppmoda boknarane til å opna lommebøkene den 21. oktober og ta godt i mot bøsseberarane, støtte eit sær viktig arbeid og syte for at Bokn hamnar på toppen i landet når det gjeld gjevarglede.

Ordføraren

Lag NM i Trail 6. oktober

Kjetil Hamre

Pluggen smeller nok en gang til med et stort arrangement. Den driftige klubben har alltid en godbit for sinne aktive utøvere og aktive medlemmer på lager. I år er det NM lag som står på programmet, og her blir det fres og full gass på programmet.

Vi tar litt tallmagi. For å gjennomføre arrangementet er det et stort dugnadsapparat som må på plass. Røft regnet vil 20% av Bokns totale innbyggertall være i sving. De fordeles på dommer og klipperfronten. Kiosk, løypevakt, teknisk - og deler av Bokn musikkorps deltar. Saniteten vi lage blomsterkvaster til de som vinner og de som er litt mindre heldige akkurat den dagen. Pluggen og Ragnhild Trosnavåg kan ikke få takket denne gjengen nok.

- Det er en fantastisk dugnadsånd i kommunen og hjelpen har vært enorm.

Likevel understreker hun at om det er noen som vil ta i et tak så er arbeid oppgavene mange nok til flere åpne hender. Pluggen går på minst hundre stempler og høyoktan F1bensin!

100 bobiler og 200 trialsykler

Prosenten av Bokns befolkning som deltar på dugnadsiden er stor. Likevel er det lagene som stiller som gjør størst utslag på prosentsida. Det berregnes at det kommer 100 bobiler. To busser er også ventet til helgen. Disse skal plasseres rundt skolen, kombibygget og i Føresvik. Vaktmestrene har sørget for strøm og vann til alle. Hver bil vil i gjennomsnitt ha fire personer knyttet til seg. Dermed vil kommunen få en økning på nesten 50% i antall sjeler mens NM lag pågår.

Det regnes med at det er 200 trialsykler i sving i NMhelgen. Hvert lag består av fire kjørere på herresiden i junior, senior og veteranklassen. Kvinneklassen har tre deltakere på hvert lag og deles ikke inn etter alder. 46 lag var påmeldt i skrivende stund. Hvert lag har også en lagleder som følger laget rundt og gir råd og vink om valg av kjørespor og annet.

Sekretariat ved skolen

Det skal kjøres i 12 seksjoner på herresiden og 12 seksjoner på dame- og veteransiden. I disse kjøres det to runder. Dårligste løper i hver seksjon vil bli strøket før sammenlagtbelastningen laget oppnår klippes på kjørekortet. Løpene er som vanlig varierte og krever sin trialkjører. I år vil det, foruten på Torland, kjøres en oppvisningsseksjon ved skolen. Jury og sekretariat vil også ha base ved skolen denne gang. Sekretariatet er forsterket med Askers Elin Vandevjen, som har stor rutine når det gjelder lagNM. Det er alltid godt å ha rutine representert.



DELTAGERNE FRA BOKN: fv. Sverre Trosnavåg, Erik Nilssen, Sander Jøsang og Bjørn Ove Jøsang stiller i Junior Lag (13-18 år). Bildet er tatt etter en seier i SørCup Lag på Riska 9. juni i år. Da stilte de i klassen for Junior2 Lag (for kjørere 13 til 16 år i seksjonssett D og C).

Foto: Johannes Nilssen

For de som vil følge et spesielt lag rundt i seksjonene så er det i stor grad mulig. De er lette å komme til og forflytte seg mellom. Det er også tanken at kommunebussen skal kunne kjøre skyttel mellom skolen og Torland for å frakte publikum til ønsket sted. Det er bare å begynne og glede seg!

På Torland vil det være muligheter for småreparasjoner underveis i konkurransen. Skolen vil ha en miljøstasjon og teknisk holder her til hvor motorsykler blir godkjent. Det er nytt av året at de legges her.

Full kontroll

Det vil være partytelt med alle rettigheter innenfor brus og is, samt litt å bite i for dem som måtte ønske det på Torland. Grieg Seafood stiller med spesielt glad laks fra Rogaland, men det er nok andre ting å sette tennene i også. Pluggen har gjennom mange år kurset medlemmer, og dette begynner virkelig å betale seg. Det ser ut til at det stort sett er egne folk som klarer å arrangere løpet. Juryen derimot er bare folk utenfor klubben. Dette er for å sikre habiliteten til denne. Rutinerte folk med lang fartstid i trialmiljøet vil ta seg av denne biten.

Eget lag fra Bokn

Pluggen stiller med et lag under NM Det er ungt og veldig lovende. Erik Nilssen, Sverre Trosnavåg, Bjørn Ove Jøsang og Sander Jøsang skal i ilden ledet av Martin Trosnavåg.

Vi skryter litt til. Sverre Trosnavåg er i år sammenlagtvinner i både NorgesCupen og RogalandsRundene i sin klasse. Fantastisk bra gjort, Sverre!

Ikke nok med det, Sander Jøsang kjørte knallsterkt under NM i Oslo og kom på 20. plass av 44 deltakere. Sander er 14 år, og her var det deltakere i hans klasse som var helt opp mot 19 år. Fantastisk prestasjon dette også, Sander!

Gir lyd

Det bråker alltid mye når Trial gjennomføres, og for de lydfrelste er NM litt spesielt. Her har deltakerene lov å kjøre med fri kubikk. Det vil si opp til 300 kubikk. Det er fornuften som rår eller galskapen om du vil, for de tøfeste kjørerne. Likevel er det ikke rå kraft som er det viktigste. Kløkt og kroppslig dyktighet står fortsatt i høysetet.

Vil du ha en opplevelse er det bare å møte opp lørdag 6. oktober. Å se på er gratis, men støtt gjerne Pluggen og de drivende frivillige og aktive med å kjøpe en kaffekopp. Underholdningen du får kan



Heilt topp med BoknOpp

Tekst: Hanne M. Vatnaland/Jardar Havikbotn - foto: Jardar Havikbotn

Bildealbum
på bokn.no

Synest du det er tungt å gå opp Boknafjellet? – Det skal visst vera enda tyngre å sykla opp.

Laurdag 1. september var der 50 ryttrarar (av 54 påmelde) som gjorde nett det; dei sykla rett opp Boknafjellet om turstien frå Føresvik.

Kl. 13:17 kom ein 30-åring frå Klepp på sykkel mot målet på toppen av Boknafjellet, til mange heiarop nedover fjellsida. 17 minuttar tidlegare stod han på startstreken ved fyrlykta i Føresvik. Imponerende! Etter å ha pusta ut eit lite minutt i graset, kunne Andreas Nygård fortella at han likar spesielt slike harde klatreløp. Mannen frå Klepp CK, som har sykla aktivt i fire år og som trenar opptil 15 timar i veka, er årleg med på same type løp på Ålgård.

Jærbuen deltar som regel berre på lokale ritt i Rogaland. Fleire gonger har han vore med i Hårfagerittet. I år blei han nr. seks der. Løypa på Bokn



BLANT FLEIRE TILSKODARAR OPPOVER FJELLSIDA fv. Johannes Nilssen, Julianne Nilssen, Oddrun Nilssen, Benedicte Stueland og Silje Eide.

neste år om det vert eit årleg arrangement, noko både leiar for Bokn idrettslag, Fredrik Faye og leiar for Falkeid sykkelgruppe, Asbjørn Bakken er entusiastiske for.

Sonen Joakim (13) var blant fem juniordeltakarar, og imponerte også med ein 2. plass blant dei unge, berre 13 sekund bak klassevinnaren.

Asbjørn Bakken, som gjerne skulle ha



BESTETID: Andreas Nygård kryssar mållinja på imponerende 17 minutt og 12 sekund.



"KAMPEN MOT DEG SJØLV": Storfnøgd Edel Kristin Grimstvedt Knutsen vann dameklassen med tida 26:45.

(Føresvik, turstien, kyrkja, Vaulen, toppen) falt i god smak hos vinnaren, og han garanterer at han blir med neste år også.

Krevjande

Dei fleste var klar over at løypa var svært krevjande, for dei hadde allereie prøvd ho både ein og to gonger for å sjå korleis det gjekk. Det kan virka som om ryttrarane likar ei utfordring, i og med at dei fleste lova å komme att

Lokale heltar

Fleire boknarar ville vera med på "ei heftig oppleving". Sverre Trosnavåg (13) var ein av heile 10 lokale heltar som deltok. Han hadde hatt lyst til å prøva seg ei stund, og vart fornøyd med sine 35 minuttar. Kanskje ser me han igjen neste år? Ikkje uventa var det Kjell Olav Skjelde (40) som hadde den beste tida blant dei lokale. Litt over fire minutt bak vinnaren heldt til ein fin sjuandeplass.

sykla sjølv, var veldig fornøyd med både vår og oppmøtet.

- Sjølv om tilskodarane kanskje hadde ønska seg litt meir sol på fjellet, er dette heilt optimalt. Me håpa på 50 påmelde og no har me runda det.

Samarbeidet mellom Bokn IL og Falkeid IL gjorde det lett å engasjera frivillige til organiseringa. Tilbakemeldinga frå deltakarane var at dei var svært nøgd med eit velorganisert

arrangement, både garderobefasilitetar, parkering og samling med premiar og kiosk oppe på fjellet.

I god form

Bokn Bygdablad tok ein liten prat med Oddvar Øvrebø på toppen. Han er eit godt døme på at ein ikkje treng toppmoderne utstyr for å vera med i slike ritt. Sykkelen hans, med handlekorg framme og sju gir, heldt i massevis, og boknaren blei klokka inn på sterke 28:55. 39-åringen, som ein ofte kan sjå syklande på vegane i Bokn, var godt fornøgd med løpet.

Og sykklar han ikkje på Bokn, så ser du han kanskje i Tysvær eller Haugesund, spesielt når det er Hårfagrerritt.

- Ja, då sykklar eg først heimefrå til start på Kårstø, og etter rittet sykklar eg heim til Bokn frå Haraldsvang i Haugesund.

Ikkje tvil om at Oddvar Øvrebø er i god form. Prøv sjølv!



Sverre Trosnavåg (13) var ein av heile 10 lokale heltar som deltok.



Oddvar Øvrebø treng ikkje toppmoderne utstyr for å delta på sykkelritt.

Arrangørane takkar for velvilje frå grunneigarar, for alle som har tatt i eit tak, og ikkje minst dei som var med og laga god stemning på vegen opp til fjellet.

At ingen damer frå Bokn var med kan rettast på til neste år, for skal ein tru ein fornøgd arrangør, så blir det BoknOpp på same tid i 2013, sykkelrittet med undertittelen "Kampen mot deg sjølv".

Bokn Opp		Påmeldte				
Nr	Navn	Etternavn	Alder	Klasse	Klubb	TID:
25	Andreas	Nygård	30	Herrer	Klepp CK	.17.12
53	Tor Olav	Gregersen	35	Herrer		.18.09
54	Georg	Fedd		Herrer		.18.27
48	Mikael	Niklasson	39	Herrer	CKH	.19.48
30	Kristian	Kahlbom	35	Herrer	CKH	.20.05
40	Alf	Halvorsen	47	Herrer	Statoil BIL	.20.11
33	Kjell Olav	Skjelde	40	Herrer	CKH	.21.27
47	Kjetil	Bidne	27	Herrer	CKH	.21.46
41	Jens Kristian	Holberg	50	Herrer	CKH	.22.15
52	Kjetil	Toth	35	Herrer		.22.35
26	Otto	Fostenes	43	Herrer	Highcomp	.22.38
50	Øyvind	Paulsen		Herrer	CKH	.22.48
35	Kristian	Brautaset	48	Herrer	Gassco BIL	.22.49
16	Jan Kjetil	Stuvik	46	Herrer	CKH	.23.03
51	Daniel	Dobrev	21	Herrer		.23.08
44	Bjørn Erik	Fagerheim	26	Herrer		.23.18
31	Magne	Aarsteinsen	19	Herrer	Stavanger CK	.23.30
19	Rune	Idsø	34	Herrer	Haugaland Kraft	.23.58
28	Trond	Vatnaland	45	Herrer	Bokn IL	.24.10
11	Sigmund	Aas	38	Herrer	CKH/HTK	.24.14
10	Geir	Torgersen	37	Herrer	Falkeid IL	.24.23
18	Atle	Stelander	49	Herrer	CKH	.24.24
38	Helge Kristian	Nilssen	54	Herrer		.24.41
42	Mats	Holberg	13	Junior	CKH	.24.42
32	Joakim	Skjelde	13	Junior	CKH	.24.55
49	Harald	Paulsen	65	Herrer	CKH	.24.59
22	Nils Olai	Mannes	20	Herrer		.25.44
21	Knut	Knutsen	55	Herrer	CKH	.26.07
29	Roy Karsten	Bakken	37	Herrer	Falkeid IL	.26.12
20	Terje	Hognaland	40	Herrer	Bokn IL	.26.14
2	Edel Kristin	Grimstvedt Knutsen	32	Damer		.26.45
14	Tor Harald	Håland	39	Herrer	CKH	.27.28
5	Tore Andre	Knutsen	37	Herrer		.28.00
15	Arnt	Frøyseth	47	Herrer	Haugaland Kraft	.28.39
34	Tor Harald	Jordbrekk	48	Herrer		.28.46
46	Oddvar	Øvrebø	39	Herrer	Bokn IL	.28.55
45	Birger	Osnes	29	Herrer	Haugaland Kraft	.29.05
17	Irene	Stuvik	45	Damer	CKH	.29.57
24	Roy	Falkeid	50	Herrer	Falkeid IL	.30.01
36	Marita	Hognaland	28	Damer	Vassbakk&Stol	.30.24
37	Ronny	Taraldlien	42	Herrer	Bokn IL	.30.44
9	Rune	Waage	38	Herrer	Falkeid IL	.30.45
12	Joar	Vatnaland	46	Herrer		.30.59
4	Odd Ståle	Grimstvedt	38	Herrer	Saga Bygg	.31.56
43	Christian	Våge	26	Herrer		.32.07
7	Joakim	Ramsen	33	Herrer		.34.25
1	Sindre	Bakken	13	Junior	Falkeid IL	.34.29
39	Sverre	Trosnavåg	13	Junior	Bokn IL	.35.08
8	Lars Øyvind	Alvestad	25	Herrer	CKH	.35.16
23	Paul M.	Løland	65	Herrer		.41.14
3	Tone	Nes	39	Damer		i.m.
6	Andreas	Hundsnes	15	Junior	Falkeid IL	i.m.
13	Odd Inge	Torvestad	49	Herrer		i.m.
27	Arne	Høyvik	47	Herrer	HCK	i.m.

10. klasse på tur til Frankrike

Tekst: 10. klasse - foto: Ingunn Grønnestad

Caen

Me reiste kl. 10.00 med kommunebussen til Sola, tok fly til København for å så ta fly til Paris.

Så tok vi buss til togstasjonen, tog til Caen og taxi til hotellet. På hotellrommet åt me pizza. Me la oss tidleg, men nokon sovna seint.

Det første hotellet var ikkje så fint.

Normandie

Andre dagen besøkte me Normandie museum og strender. Normandie er der de allierte gjekk i land på D-dagen i andre verdenskrig.

Det var frukost kl. åtte. Me skulle vidare til Paris om kvelden, så me hadde pakkaalt klart og la bagasjen på eit hotellrom.

Me gjekk til krigsmuseet og fekk eit hefte med spørsmål som me skulle svare på, men det var berre nokon som svara.

Etter museumsbesøket fekk me ein rar guide som snakka i 45 min i strekk, på fransk-engelsk, og det var ikkje mange som forstod alt ho sa.

Minnehage

Så køyrde me direkte til Omaha Cemetery, ein minnehage for alle som døde. Det var kjemp fint, men trist. Me så ei veldig lang liste med namn på, soldatar som var sakna (dei som hadde drukna i sjøen og aldri blitt funne. Dett er 1557 namn på den lista).

14 stykker var blitt funne og identifisert, namna deira var merka med ei bronsestjerne.

Me gjekk vidare til sjølve gravplassen der 9387 amerikanske soldatar er gravlagde. Det er mange tusen marmorokors som står på rette, parallelle



Den amerikanske gravplassen.



FORAN EIFELLTÅRNET: fv. Faltin Våge, Sofie Rossebø, Ellen G. Johannessen, Julie Bokneberg, Torgils Hognaland, Joar K. Øvrebø, Simen Havikbotn og Christopher S. Vik.

linjer.

Me køyrde vidare til Omaha stranda (Amerikansk sektor), der soldatane blei drept. Stranda er 6,5 km lang. Nå så me berre ei nydeleg sandstrand, men på museet hadde me sett ein film som viste korleis det så ut då soldatane gjekk i land der. Då var det døde folk overalt.

Bussturen gjekk vidare til nokre bunkarar, og så tilbake til hotellet, for å hente bagasjen vår.

Så køyrde me til togstasjonen, vidare med tog til Paris.

Hotellet i Paris var mykje finare enn

det i Caen. På samme hotell bodde det en klasse frå Stavanger som også var på tur. Nokon blei litt kjende med ein del av dei.

Eiffeltårnet

Tredje dag åt me frukost på hotellet. Etterpå tok me bussen til Eiffeltårnet, men gjekk av bussen litt før, så me kunne sjå Eiffeltårnet bli større og større. Me gjekk opp trappene til 2. etasje. Det var 640 trinn. Derifrå tok me heisen til toppen. På toppen var det utsikt nesten over heile Paris. Me tok bilder før me tok heisen ned igjen.

Eitt minutts stillhet

Etterpå gjekk me til gata der Velodrome d`hiver låg og så på minnesmerket, som er eit minne for dei franske jødane som blei samla på Velodrome d`hiver, før dei blei sende til konsentrasjonsleirar. Her hadde me eitt minutts stillhet. Me tok metroen eit stykke, og etterpå gjekk me etter kart til hotellet. Etter at me hadde ordna oss, gjekk me på restaurant. Nokre av gutane bestilte ein svær biff som dei til dels klarte å ete opp.

Mona Lisa og Champs Elysses

Fjerde dagen åt me frukost klokka halv åtte, for så å ta buss til Louvre. Me kom fram og hadde bestilt billettar på museet kvart over ni. Der gjekk me og såg på gamle og kjende maleri og anna kunst i fleire timar! Blant anna alt frå Mona Lisa til gammal romersk kunst og liknande. Etter det bar det vidare til McDonalds for å ete lunsj, så gjekk me vidare mot Triumfbuen, altså gjennom Champs Elysses, ei stor gate

i Paris, ei dyr gate med mange merkeklede og spel og filmar, og til og med bilar. Der gjekk me og handla i eit par tre timar, for så å ete middag på Mariotti, midt i gata, ein flott restaurant inne på eit flott hotell! Der hadde me forhåndsbestilt forett, middag og dessert.

Euro Disney

På dag fem stod me opp klokka sju, frukost klokka åtte, og etterpå reiste me til Adaggio hotell rett utanfor Euro Disney. Rett etter me hadde komme fram og fått eit hotellrom, bestemte me oss for å gå til Euro Disney i studioparken. Der gjekk me rundt og kikka i nokre timar. Kl. 13.30 byrja stuntshowet me skulle sjå. Der viste dei korleis dei laga stunt i ein film, som for.eks korleis ein bil køyrer på sida, korleis dei får folk til å sjå ut som dei tek fyr, og masse slikt. Det var ganske kjekt.

Etterpå åt me og gjekk rundt og kikka i ca ein time før me tok bussen tilbake til hotellet. Det var vanskeleg å få tatt berg-og dalbaner og slikt, for det var tusenvis av folk og opp til to timar kø på kvar ting. Etter det tok me det med ro resten av dagen, til me gjekk ut på pizzarestaurant.

Sove lenge-dag

Me stod opp når me ville, for denne dagen kunne me gjere akkurat det me hadde lyst til. Me fekk pengar til frukost, sidan me stod opp etter at frukosten var ferdig på hotellet. Etterpå gjekk me rundt på eit kjempestort kjøpesenter og handla, nokon gjekk i ei gata der det berre var merkeklede, mens nokon gjekk i den andre Euro Disney-parken. Litt ut på ettermiddagen bada me i hotellets basseng og kasta ball i parken. På kvelden gjekk me ut på kinarestaurant. Etter at me hadde ete, måtte me tilbake til hotellet for å

pakke:(:(



Ved minnesmerket etter Velodrome d' hiver.

Heim igjen

Den sjuande dagen stod alle opp klokka sju mens Joar stod opp klokka kvart på åtte. Deretter tok me buss til flyplassen og tok fly til Sola. Der henta Egil oss med minibussen, som køyrde oss heim til Bokn.

Turen har vore lærerik og kjekk. Me lærte ein del om andre verdskrig og franskmennene sin posisjon i krigen. Me har sett mange ting i Frankrike, som for eksempel Eiffeltårnet, Louvre og Notre Dame. Me har også shoppa ein del og det var kjekt. Det var varmt, men overskya nokre dagar. Dei siste dagene var det sol.

Me hadde med oss Anne Askeland, som snakkar flytande fransk og kjenner til Paris. Hadde det ikkje vore for henne hadde dette aldri fungert.

10. klasse sin studietur er finansiert ved hjelp av dugnadsarbeid frå elevar og foreldre. Me vil nytte anledningen til å takke alle som har støtta oss, frå alle dei som kjøper lodd og kaker - til sponsorene våre.

Den største takken sender me til Anne som stilte opp på fritida si og guida oss gjennom Paris.

Padletalent

Jardar Havikbotn

Boknaren Ingve Larsen (16), som padlar for Tysvær Kano og Kajakkklubb, deltok andre helga i september på 5. og siste Norgescupstevne for 2012-sesongen. Han kom på ein fin 3. plass samanlagt i Norgescupen.

Ingve sat også i Tysvær sin K4 lagbåt som konkurrerte i juniorklassen (17-18 åringar), som resulterte i to sølvmedaljer i 1000m og 500m.

Tidlegare i haust deltok padletalentet på ungdomslandslaget i Nordisk meisterskap. Der fekk han ei bronsemedalje i K4 500m.

Gratulerer!



Frå venstre: Robin Gedick, Alexander Baardsen, Ingve Larsen, Trygve Lønning Staupe, Julianne Bjordal, Christina Vedø, Åshild Lønning Staupe, Evy Heimvik, Sofie Dybdal og Gina Gedick.

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Imponerende

"Eg seie meg så"-redaksjon sit i mållaus beundring! Dagsenterdamene slo som vanleg grusomt til. Men at ein "ungdom" som Andor skulle greia alt, er det bare å ta hatten av for. Hatten også av for Audhild og sjukestova, dette var slett ikkje lett!

Forklaringane:

- | | |
|----------------------------|---|
| 1. ein hysk | eit hylster, behaldar |
| 2. ampe | bry, trøbbel |
| 3. ei sula | fiskereiskap til å hala opp snøret |
| 4. ein trask | ein trave, vanskeleg person |
| 5. treneva | klosset, lite flink med hendene |
| 6. å vera av lagje | å lite opplagt, ting som ikkje står på rett plass |
| 7. tadden | godt i hald, litt tjukk |
| 8. smålåg | småfe, sau |
| 9. stomp (ikkje kroppsdel) | brød |
| 10. raga vel | raka opp gras etter slåten |

Resultatlista denne gongen:

Andor Borgenvik	10 poeng
Dagsenterdamene	10 poeng
Audhild Svensen Alvestad	6 poeng
Bokn sjukestove	6 poeng

MÅNADENS UTTRYKK

Kva betyr...

1. tateskit
2. tittgjengde
3. å seda
4. å vera ågjesen
5. eit udlareive
6. ei loska
7. å vera hinnte
8. smaudel på
9. å oga
10. him å trekkja

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad **innan 15. oktober**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

Du kan senda inn på fleire måtar:

MAIL post@bygdabladet.no

SMS 98 22 15 08

BREV Bokn Bygdablad
Boknatun
5561 Bokn

Nok ein gong må me takka Liv Vatnaland og Helge Laupland, det er utrueleg kva dei to har teke vare på av denne delen av bokna-kulturen!



Foto frå Søre Våga i 1904. For hundre år sidan var det ein populær sport mellom vinnene "å gå him å trekkja", såkalla "himtrekkjng". Her trekkjer laget frå Nora Våga (til venstre) "him" og har såleis eit visst overtak. Dommaren med kvit stokk og stråhatt, er frå Ådnaneset. Bør "himtrekkjng" bli ei ny idrettsgrein i Bokn idrettslag?

Stå på! Det er ikkje bare heider og ære som ventar sigerherren, men også ein tur til eksotiske og fjerne strøk (Rennesøy)! Har du gamle boknaord- og uttrykk, kontakt gjerne redaksjonen så vil det vanka rosande omtale i dertil eigna fora.

KULTURKALENDEREN

FORANDRINGAR/NYE ARR. ER **UTHEVA**

Oktober

- 06. NM-Lag i Trial, sjå s. 3**
07. Bingo på skulen kl. 19.00, arr. Bokn musikkorps
08. Bibellesing på bedehuset
Veke 41 Haustferie, Bokn skule
12. Kino i Auditoriet
14. Gudsteneste kl. 11.00
17. TV-aksjonen 2012: Skulebasar kl. 10, sjå s. 14
17. TV-aksjonen 2012: Aksjonsaften i Auditoriet kl. 19, sjå s. 11
17. Kontaktmøte kl. 19.00 på bedehuset
21. TV-aksjonen 2012, sjå nest siste side
21. Familiespeidar kl. 15.00, arr. Bokn KFUK-KFUM
22. Bibellesing på bedehuset
25. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
25. Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00
09. Israelmisjon på bedehuset
26. Kino i Auditoriet
27. Auksjon på skulen, arr. Bokn musikkorps
28. ABR-senteret på bedehuset kl. 19.00
31. "Lys i mørkret", alternativ Halloween på bedehuset kl. 18-21

November

- 02.-04. Vandrane på leir til Røvær**
04. Gudsteneste kl. 11.00, Allehelgenssundag
05. Bibellesing på bedehuset
07. BLEST-arrangement i Auditoriet
09. Kino i Auditoriet
09. Kulturkveld på bedehuset

11. Familiemøte på bedehuset kl. 16.30
17. NMS-julemesse, Tysværåg
17. Barnebibel, samling for fireåringar i Bokn kyrkje kl. 14 (eller søndag etter gudstenesta)
18. Gudsteneste kl. 15.00, fireårsbok
18. Familiespeidar kl. 15.00, arr. Bokn KFUK-KFUM
18. VAMP-konsert på Bokn skule kl. 18.00, sjå s. 11
19. Bibellesing på bedehuset
21. NMS-møte på bedehuset
23. Kino i Auditoriet
25. Bingo på skulen kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps
27. Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00
29. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30

30. -

01.12 "Lys vaken" i Bokn kyrkje

Desember

02. Gudsteneste kl. 18.00, lysmesse/speidarane
03. Bibellesing på bedehuset
04. Grautfest på skulen, arr. Bokn KFUK-KFUM speidarar
06. Julevending for femåringar i Bokn kyrkje kl. 17-18.30
07. Kino i Auditoriet
09. Luciafest, arr. Bokn musikkorps
16. Gudsteneste kl. 11.00
16. Juletreff på bedehuset kl. 15.00, arr. Bokn KFUK-KFUM speidarar
24. Gudsteneste kl. 14.00
26. Gudsteneste kl. 11.00
28. Juletreff på bedehuset kl. 18.00
31. Gudsteneste kl. 16.00

Bokn Bygdablad for 20 år sidan

FRÅ NR. 7 1992

LYNGEN BLØMER

Har du sett at lyngen blømer i år?

I fjor då skreiv og snakka dei om at nå var lyngen i fere med å verta burte forgodt.

Men, i år så blømer lyngen på alle haugar, knausar og knattar i alle utmarker i Bokn. Ja, du vedunderlege natur.

Eg har to planter som eg er så glad i - og det er: Kusom og lyng. Dei kallar eg for: Bokn sine nasjonalblomar.

Kusomen er ein vårblom og er gul av farge, står og lyser i liane og ber bud om 17. mai, sol og sumar med ljose gilde dagar. Og så lyngen på ettersumaren med sin lillaraude farge, som seier til meg: - no er det på hell med sumaren og hausten er i vente med mange koselege innekveldar. "spøtene, heklenåla, synåla og bøkene" må fram. Skulen, foreiningslivet, idretten og mykje anna kjem i gong. Her er noko for alle som vil å vera med i. Det kjem i tanken min kva som står på ei av dei siste sidene i "MINNEBOGEN FOR BOKNEFOLKET" utgitt i amerika i 1929:

- Vi har så mange barndomsminner og det gjør oss godt at oppfriske dem. Det var pent i Bokn

om sommeren når gresset stod høyt og med alle slags variationer av blomster. Husker du terlitungen, den gule og røde og blå? Husker du hjertegresset (bevende hjerter) og den deilige blomst, kusommer? Ja, selve lyngen blomstret og mange av oss mindes lyngen nu, når vi ikke ser den mere. Min søster, Lina, sat engang og tenkte på lyngen, og andre ting i Bokn, og så skrev hun dette rim om lyngblomsten. Det lyder slik:

Lyngblomsten

Såsandt som jeg eier i Bokn en venn. Så send mig en lyngblomst i posten her hen. En lyngblomst fra fjeldet hvorner jeg var født, hvor minder fra hjemmet oppdukker så sødt.

En lyngblomst fra fjeldet der langt imot nord. Der vokser den oppe på fjeldet ned til fjord. Å send mig en lyngbusk med blomsterne små. Det er den gjildeste blomst jeg kan få.

En lyngblomst med øine så blide og blå. Jeg ønsker så gjerne slik lyngblomst at få. Jeg drømmer om natten om lyngblomsten min, som vokser i Bokn beskeden og fin.

Helsing M.K.T

Omsetning av eigedomar i Bokn

Gnr 17, bnr 13 er overdradd fra Sigmund Kyrre Moe til Turid Moe

(30.07.2012)

Gnr 11, bnr 242 er solgt for kr 600.000 fra Per Arthur Våge til Torfinn Alvestad

(31.07.2012)

Borgenvik Hytteområde 23 (Gnr 10, bnr 67) er overdradd fra Ole Borgenvik til Odd Jakob Borgenvik, Knut Reidar Borgenvik og Venke Haga

(10.08.2012)

Overdragelsen omfatter også **Fyrvegen 23 (Gnr 11, bnr 85)**

Overdragelsen omfatter også **Gnr 11, bnr 120**

Overdragelsen omfatter også **Borgenvik Hytteområde 18 (Gnr 24, bnr 5)**

Andel av Gnr 11, bnr 120 er solgt for kr 66.667 fra Venke Haga til Odd Jakob Borgenvik og Knut Reidar Borgenvik

(10.08.2012)

Øyren 28 (Gnr 4, bnr 29) er solgt for kr 550.000 fra Geir Skjong til Didrik Jansen Alvestad

(16.08.2012)

Boknatunvegen 44 (Gnr 9, bnr 163) er solgt for kr 3.100.000 fra Tone Hognaland og Christian Bottolf Knutsen til Robert Birkeland og Irene Kro

(23.08.2012)

Gnr 17, bnr 13 er overdradd fra Turid Moe til Liv Brith Moe, Kirsti Turid Moe, Sigmund Moe og Helge Gabriel Moe

(30.07.2012)

Gnr 9, bnr 176 er solgt for kr 50.000 fra Jorunn Larsen til Jarle Larsen

(01.08.2012)

Andel av Fyrvegen 23 (Gnr 11, bnr 85) er overdradd for kr 1.400.000 fra Odd Jakob Borgenvik og Knut Reidar Borgenvik til Venke Haga

(10.08.2012)

Andel av Borgenvik Hytteområde 18 (Gnr 24, bnr 5) er overdradd for kr 250.000 fra Venke Haga til Odd Jakob Borgenvik og Knut Reidar Borgenvik

(10.08.2012)

Andel av Borgenvik Hytteområde 23 (Gnr 10, bnr 67) er overdradd for kr 83.333 fra Venke Haga til Odd Jakob Borgenvik og Knut Reidar Borgenvik

(10.08.2012)

Gnr 11, bnr 178 er solgt for kr 148.000 fra Aksel Otto Alvestad til Kate Alvestad

(24.08.2012)

Kjelde:
Statens kartverk



Ordet fritt

Kvar skal me bu?

På Bokn finst for få moglegheiter til å stifte eigen bustad, både for unge og eldre. Ingen tomter er å oppdrive, - heller ikkje på leigemarknaden er det råd å finne noko ledig om ein skulle ønske å flytte heim til Bokn.

Ein er kjend med fleire familiar, både med og utan born, som i ei tid har ønska og busetje seg på Bokn. Fleire av desse er fagutdanna og som har kompetanse til utlyste stillingar på Bokn.

Det kan virke som om den politiske leiinga manglar forståing for korleis situasjonen er for unge boknarar og andre som ønskjer å etablere seg i kommunen. Unge boknarar som bur heime og vil forlate redet og etablere seg på Bokn vert naudsynt til å flytte til nabokommunane. Det er nemleg svært vanskeleg å komme inn på ein bustadmarknad kor prisane berre blir høgare i takt med at marknaden vert meir og meir eksklusiv. Desse marknadskreftane vert i tillegg forsterka av mangel på tomter, samstundes som at det tek lang tid for avklaring på dei allereie planlagde bustadfelt, som på Fyren



Bokn Senterungdom rettar søkelyset på totemangelen i kommunen. Her er eitt av dei siste husa som er bygd i Bokn. (red. ann.)

Foto: Jardar Havikbotn

På Bokn treng me fleire barnehageplassar, og me treng bustadtomter i alle prisnivå då det er mange som ønskjer å busetje seg i Bokn, - og dét ønskjer våre medlemmer i Bokn Senterungdom at politikarane legg til rette for no.

I Bokn Senterungdom undrast me over kommuneplanen, kor ein legg så tydelege føringar for ei stor utbygging rundt Føresvik. Aktiviteten i bustadområda på Austre Bokn viser det ikkje er sikkert at dei som vel å bu på Bokn ønskjer å bu i "sentrum". Fleire av bustadområda i kommuneplanen vil truleg både vere kostbare og tidkrevjande å bygge ut. Difor håper Bokn Senterungdom at kommunen kan finne områder på Bokn til bustadbygging som let seg byggemodne på kort tid, er der folk vil bu og som er realistisk for ein ung økonomi!

- Bokn Senterungdom -

Juridisk førstelinjeteneste

Gro Sørensen

Ordninga med gratis juridisk hjelp i servicetorget har starta opp att etter sommarferien, annankvar onsdag.

Det er framleis advokatfirmaet Vik Vestly AS som gir advokattenester i høve prosjektet, og dato for konsultasjonar er:

03. oktober
17. oktober
31. oktober
14. november
28. november
12. desember

Alle dagar frå kl. 13.30 til kl. 15.30.

Du kan få juridisk bistand max. 30 min. pr. konsultasjon uavhengig av inntekt og formue, og du kan nytte deg av ordninga fleire gonger pr. år.

Målet med ordninga er at innbyggjarane i Bokn kan få hjelp til å løyse enkle juridiske problem på ein rask og effektiv måte, utan å måtte oppsøkje advokatkontor. Ordninga omfattar konsultasjon hos advokat der ein kan få rettleiing/råd om sivilrettslege spørsmål. Advokaten har inga tilknytning til kommunen.

Vil du nytta deg av ordninga – ring servicetorget sitt sentralbord på telefon nr. 52752500, eller send ein e-post til post@bokn.kommune.no

Legekontoret informerer

Legestudent på besøk!

Veke 41-43 vil legekontoret som tidlegare ha ein sisteårsstudent frå Universitetet i Bergen på hospitering.

Vi får besøk av Bjørn som skal vere 4 veker på utplassering - ei veke på Hegren og så i tre veker hos oss på Bokn.

Han skal få eit innblikk i korleis det er å arbeide som fastlege og korleis eit legekontor fungerer. Som del av dette vil han delta på konsultasjonar med dr Schille, og også ha eigne konsultasjonar. Du som pasient vil få spørsmål om dette er greitt for deg, og du har høve til å reservere deg imot dette. Alle som ynskjer det skal få høve til å snakke med dr Schille.

For oss på Bokn legekontor er det svært lærerikt å ha student i utplassering. Det er viktig å vise kommande legar korleis eit legekontor fungerer, og vi håpar du som pasient vil oppleve dette som positivt.

Med helsing oss på Bokn legekontor

Klart for VAMP!

18. nov.
Kl. 18

Billettsalet er i gong.

Det er ei glede for Bokn kommune å presentere VAMP på scena på Bokn skule søndag 18. november klokka 18.

Billettane a kr. 375,- /stk (unummererte) kan kjøpast hjå Coop Marked Bokn, i servicetorget på Boknatun samt på Bokn bibliotek. **Begrensa antall plassar!**



Beredskapsøving 25.10

Torsdag 25.oktober kl. 09-14 blir det ei beredskapsøving på Boknatun, knytta til Bokn sjukestove.

Øvinga blir lite merkbar, men ein må rekna med litt lyd frå utrykningskøyretøy.

Tv-aksjonsaften

19. oktober



I samband med TV-aksjonen inviterer kommune-komiteen til ein kveld i Auditoriet kl. 19.00, der songen vil stå i sentrum, og sjølvstøtt Amnesty sitt arbeid for å avdekka og stansa brot på menneskerettigheitane.

- Gjesteartist er songstjerna Gro Marit Messmer Larsen frå Skjold, som i fjor var med i finalen i Norske Talenter.
- Det vil bli *Syng med oss*-avdeling og opptrekk av lokale artistar.
- Framføring av spesiallaga aksjonssong frå Bokn.
- Hanne Marte Vatnaland, leiar av Amnesty Hauge-sund, vil halda appell.
- Det blir sal av dei populære Amnesty-lysa og andre Amnesty-produkt.
- Bokn sanitetsforening står for maten.
- Alle inntektene går til TV-aksjonen.

Hendinga er i skrivande stund under planlegging, og endeleg program vil seinare stå på bokn.no og på plakatar på oppslagstavlene i kommunen.

Lokale utøvarar som er klare pr. 28.09:

Boknakoret	Kjetil Hamre
Maria Nilssen	Kjetil Østebøvik
Lisbeth Skjelde	Wolfgang B.Ognøy
Sylvia Vatnaland	Jardar Havikbotn
Ida Havikbotn	

Det vil bli solgt eit begrensa antall billetter til TV-aksjonsaftenen. Dette blir kunngjort seinare. Dersom pågangen etter billetter blir stor, vil kommune-komiteen vurdere å flytta arrangementet til gymsalen.



Hytter/Leiligheter med båt og kai plass
Uke, måned eller årsmål
Ta kontakt med
Atle Jøsang - tlf. 900 72 369
Mail: atle.josang@griegseafood.com

KFL bil og utleige

Utleige av stillas frå 500 kr. veka
Utvendig lakkrens av bil frå 2500 kr.
Innvendig reingjering frå 500 kr.
Skinngleie frå 500 kr.
Desinfisering av klimaanlegg 500 kr.

Kjell Frode 907 83 797

John Magne 909 24 964

Epost: kjellfrode75@hotmail.com



Har du noko arbeid du skulle ha gjort,
vedlikehald, vaktmeistertjenester m.m.

Spør oss!

Tlf. 99 51 39 72 - 52 74 81 65

Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - www.thk.no/

Annette Bokneberg (91 32 82 58) og
Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)



- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser
- Transport av maskiner og utstyr

Telefon: 94 98 63 64

coop
marked

COOP MARKED BOKN


coop
marked

Mandag til fredag: 09.00 - 18.00

Lørdag: 09.00 - 16.00

Drivstoff hele døgnet - kortautomat

Om det ikke blir gøy å betale regninger,
så blir det i alle fall enklere.
Ny mobilbank, nå med godkjenning av eFaktura.



Nå kan du laste ned en hurtigere og mer funksjonell mobilbank som kun inneholder tjenester du vil få bruk for. For eksempel godkjenning av eFaktura.



Applikasjonen er for iPhone, iPad, Android og alle mobiler med nettleser, og kan nå lastes ned gratis i App Store eller Android Market. Søk etter "mobilbank" eller "sparebank1".

SpareBank 1

Bank. Forsikring. Og din frihet.

Bokn & Tysvær
begravelsesbyrå

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

Utleie av minigraver 2500 kg

Pris døgn kr. 1.000,- + mva
Pris veke kr. 5.000,- + mva
Pris pusseskuffe kr. 150,- + mva
3.500 kg hengar, døgn kr. 400,- + mva

Kontaktpersoner:

John Magne Lie 909 24 964
Kjell Frode Lie 907 83 797

HÅRSMIÅ

Velkommen til Hårsmiå

Åpent hver dag og utover
kvelden for de som vil komme
etter arbeidstid.

Selger reflection demi-
permanent hair color
til hjemmebruk.

Vennlig hilsen

Mona på Hårsmiå
52 74 86 47- 46 44 29 20



Style Isn't Born. It's Groomed.

Bokn legevakt:

52 74 85 22



KRO GÅRD – KROVÅGEN HESTESENTER

Austre Bokn - www.kro-hest.no Tlf. 91120801



10 år!

Skulebasar 19. oktober



For tiende året på rad inviterer skulen til basar i samband med TV-aksjonen. Denne gong blir det fredag 19. oktober kl. 10.00 - 12.30.

Som alltid er bygdafolk velkomne med gevinstar til basaren. Sal av kaffi, saft og heimebakst. 5 kr. pr.lodd.

Alle er velkomne!

Møteplanar, kommunale styre og utval

Bokn kommunestyre		
18.12, budsjett	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)
Bokn formannskap		
06.11, budsj.konf.	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)
04.12, budsjett	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)
Bokn forvaltningsstyre		
14.11.	kl. 18.00	(Boknatun, 1. etasje)
12.12.	kl. 18.00	(Boknatun, 1. etasje)
Bokn sokneråd		
25.10	kl. 19.00	(Bokn bedehus)
27.11	kl. 19.00	(Bokn bedehus)

Politiske møte blir gjort kjende gjennom oppslag på Coop Marked Bokn og kommunen si heimeside ei veke før møtet går av stabelen.

Sakspapira blir utlagde til offentlig ettersyn samstundes i Servicetorget og Bokn bibliotek.

Det kan bli sett opp ekstramøte ved behov.

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Bokn Bygdablad

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 385,- pr. år, 550,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Medarbeidarar: Annette Bokneberg/Gro Sørensen

Bygdabladnemnd:
Elisabet Taraldlien, Kjetil Hamre,
Hanne Marte Vatnaland

Foto, omslag:
Stephan Haram

Gjeldande annonseprisar

Heilside	kr. 688,-
Halvside	kr. 413,-
Kvartside	kr. 206,-
1/8 side	kr. 138,-
Privatann.	kr. 69,-
Fast-/fargeann.	etter avtale

Frisørrommet på Boknatun - i sentrum av Bokn -

Åpningstider:
tirsdag-fredag

Oddetallsuker:
kl. 09-16
Partallsuker:
fleksible
åpningstider

GOLDWELL
CLOSER TO STYLISTS. CLOSER TO YOU.

Hilsen fra
Anita

99 32 55 34
52 74 85 34

GOLDWELL
CLOSER TO STYLISTS. CLOSER TO YOU.

21. okt.

21. OKTOBER 2012

AMNESTY
INTERNATIONAL



TV-AKSJONEN NRK

STÅ OPP MOT URETT!

SAMMEN MED AMNESTY BIDRAR DU TIL RETTFERDIGHET FOR
MENNESKER SOM ER DISKRIMINERT, FORFULGT OG FENGSLET

Ta godt i
mot bøsse-
berarane
21. okt.!

Arrangement 19. okt.:

Skulebasar kl. 10.00 i
gymsalen, sjå førre side

TV-aksjonsaften kl.
19.00 i Auditoriet, sjå
førre side og følg med
på bokn.no/

Støtt opp!



Dette går pengane til:

- **Etterforska** menneskerettighetsbrot og tilby undervisning.
- **Støtta** menneskerettighetsforkjemparar som forsvarer ytringsfridomen.
- **Gjennomføra** aksjonar for at overgripingar gir seg og blir stilte for retten.
- **Fremma** rettighetene til kvinner og minoritetar, og motarbeida innføringa av lovar som diskriminerer.
- **Gjennomføra** kampanjer for at multinasjonale selskap respekterer menneskerettigheter.
- **Intensivera** arbeidet med å avdekka voldtekter i krigsområder og jobba for at kvinner får oppreisning.
- **Reformera** rettssystemer i Midtøsten og jobba for å få sleppt fri ulovlig fengsla.

Formann-
skapet har
vedtatt at
Bokn
kommune gir
25 kr. pr.
innb. til årets
tv-aksjon -
kr. 21.350



Gratulerer!



Send bilde og tekst til post@bygdabladet.no eller MMS til 98 22 15 08



Helle Løvereide Faye, 4 år, 14. aug.

Vi gratulerer med 4 årsdagen!

Stor klem fra mormor/farmor og morfar/farfar.



Noah Hesthammer - 4 år, 5. sept.

Gratulere med godgutten vår!

Stor klem fra mormor og besten.



Marion Faye Eriksen - 10 år, 5. sept.

Vi gratulerer med 10 årsdagen!

Stor klem fra mormor/farmor og morfar/farfar.



Eiril Wahlgren Lie - 6 år, 19. sept.

Min lille prinsesse har blitt stor skolejente. Gratulerer så masse med dagen!

Stor klem fra mamma.



Elisa Skeie - 22 år, 21. september.

Gratulera så mye med dagen, Elisa? Håpe du får ein fantastisk dag med alt så hørre til! Og nok ein gang, gratulera så mye med fagrøven!

Stor klem fra Natalie <3



Karoline Hammer - 2 år, 22. sept.

Gratulera så mye med 2 års dagen til prinsessa vår! Me e utrolig glad i deg.

Stor klem fra mamma & pappa.



Karoline Hammer - 2 år, 22. sept.

Gratulere med 2 års dagen!

Store klem fra mormor og morfar.



Ida Havikbotn - 13 år, 7. oktober

Hurra, endelig tenåring!

Klem fra mor, far, Simen og bestemor.